



# BACHELOROPPGÅVE

## Reguleringsplan for Helgheim kyrkjegård

av

Kandidatnummer: 202  
Ole Martin Bolset

Local development plan for  
Helgheim churchyard

Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur

PL491

Juni 2015

## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva reguleringsplan for Helgheim kyrkjegard i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneholder materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

202 - Ole Martin Bolset

JA X NEI

# Reguleringsplan for Helgheim kyrkjegard

01.06.2015  
Ole Martin Bolset



## **Forord:**

Eg som student ved bachelorstudiet landskapsplanlegging med landskapsarkitektur på Høgskulen i Sogn og Fjordane(HiSF), har valt å ta fatt i ei bacheloroppgåve som vil utfordre meg innanfor mine interesser. Underveis i bachelorstudiet fekk eg interesser for dataprogram som ArcGis, og såg fram til å lære om arealplanlegging, og det å lage ein konkret plan. Valet om å ta fatt på ei oppgåve som omhandla store delar av arealplanleggingsfaga var ein risiko då eg ikkje endå hadde hatt desse, men denne sjansen tok eg. I 3. året på studiet mitt fikk eg konstatert mine interesser for arealplanlegging, og det viste seg at valet om å utføre ei planoppgåve var riktig.

Som ein nybyrjar innanfor faget arealplanlegging ville eg jobbe med eit område som var lett tilgjengeleg og som eg er godt kjend med. Eg valde å ta kontakt med min heimkommune; Jølster. Som lokal i dette miljøet visste eg at det gjekk gjetord om utvidingar av ulike byggefelt, og min idé var å kunne ta del i planlegginga av desse. Jølster kommune kom med eit forslag om at eg kunne lage ein reguleringsplan for utvidinga av Helgheim kyrkjegard, men aller først var eg usikker. Å regulere ein eksisterande og framtidig kyrkjegard innebar mykje uvisse for min eigen del, då eg ikkje hadde mykje kunnskap om kyrkjegardar og opprettinga av desse. Etter litt om og men, valde eg å ta utfordringa. Eg gav Jølster kommune mitt svar, og samarbeidet vart sett i gong.

Eg føler eg sit att med kunnskap og erfaring som absolutt vil hjelpe meg i faget som framtidig arealplanleggar. Denne oppgåva har gjeve meg ei positiv oppleving, og dette saman med behovet for fleire arealplanleggarar har gjort valet om å gå denne vegen endå tydelegare.

Eg vil gjerne takke ansette ved Jølster kommune og min kontaktperson i kommunen Marte Bergum Hansen for godt samarbeid. Vidare vil eg sende ein takk til mi kjære søster Bente Linn Bolset for korrekturlesing, og min lagkamerat og kompis Cornelis Erstad for svar på GISLINE-relaterte spørsmål. Til slutt vil eg takke min rettleiar Lisbeth Dahle for eit konstruktivt samarbeid og gode tilbakemeldingar.

27. mai 2015

Ole Martin Bolset

## **Innholdsfortegnelse**

<b>Forord</b> .....	<b>1</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Innleiring</b> .....	<b>4</b>
<b>1. Metode</b> .....	<b>5</b>
1.1. Arbeidsmetode.....	5
1.2. Vektlagde tema .....	6
1.3. Estetikk .....	6
1.4. Universell utforming.....	7
1.5. Arealutnytting .....	8
1.6. Arealkrevjande krav til parkeringsanlegg og gravplassar.....	8
1.7. Andre tema.....	8
1.8. Kulturminner .....	8
1.9. Gjeldande planar for området.....	8
1.10.     Arealformål og omsynssoner.....	9
1.11.     Krav til kyrkjegard .....	9
<b>2. Resultat</b> .....	<b>10</b>
Planomtale .....	11
Reguleringsføresegner .....	28
ROS-analyse .....	32
Plankart .....	40
<b>3. Drøfting</b> .....	<b>41</b>
3.1.Utforming .....	41
3.2.Estetikk .....	41
3.3.Universell utforming.....	42
3.4.Arealutnytting .....	43
3.5.Andre tema.....	43
<b>Konklusjon</b> .....	<b>45</b>
<b>Litteraturliste</b> .....	<b>46</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>49</b>
Referat frå oppstartsmøte.....	49
Brev til berørte partar .....	54
Oppstartsvarsel .....	55

## **Samandrag:**

Føremålet med denne oppgåva er å utvide Helgheim kyrkjegard med antall parkerings- og gravplassar. For å løyse dette på ein god måte har temaa estetikk, universell utforming og arealutnytting vore vektlagt.

Eg starta arbeidet med å hente inn informasjon og kunnskap. Dette vart gjort ved hjelp av litteratur, både internett og bøker, og eg fekk informasjon av Jølster kommune om området og arbeidet som måtte gjerast. Eg reiste òg på ei synfaring tidleg i det innleiande arbeidet. Når dette var gjort hadde eg god oversikt over oppgåva og området eg skulle jobbe med. Det var først etter dette eg såg kva som måtte vektleggast i denne oppgåva, og kva problemstillinga mi skulle vere. Det neste steget var å registrere ulike naturfarar og tema som var relevante for Helgheim, og å skaffe alt av kartdata som var naudsynt. Desse fekk eg av Jølster kommune.

Resultatet av denne oppgåva er sjølve områdereguleringsplanen for Helgheim kyrkjegard. Dette resultatet består av ein planomtale, reguleringsføresegner, ROS-analyse og eit plankart. Sidan eg ikkje er kyndig til å registrere sannsyn for ulike naturfarar innanfor ROS-analysa, har kommunen bestilt inn ei tillegsvurdering av ein eksisterande reguleringsplan for E39 Skei-Bjørset. Eg har sett opp ulike sannsyn på skredfarer, men ikkje noko sikkert. Om tillegsvurderinga vil komme med resultat som ikkje samsvarar med denne planen må plankart med omsynssoner og ROS-analysa endrast. Plankartet er utarbeida i GISLINE arealplan. Hovudpunkt i resultatet er sjølve utforminga av utvidinga, med gravlundene øvst i området og parkeringsplassen nærmare Jølstravatnet som er det mest arealutnyttande alternativet. Utforminga av gangvegen var eit viktig punkt for universell utforming, då denne vil føre til minimal forvirring og gje ein god tilgong til alle gravlundene. Detaljar som murar, port og det å ha ein grusbelagt gangveg var val der estetikk vart mest veklagd.

Den siste delen av oppgåva er drøfting, og i denne delen går eg gjennom kva val som er tekne i resultatet og kvifor desse vala er gjort. Her forklarar eg kva tema som har blitt sett opp imot kvarandre innanfor ulike val, og kva tema som har gått seirande ut.

## Innleiing:

Mange av dei største hendingane i enkeltpersonar og familiar sine liv finn stad ved kyrkja og kyrkjegarden. Dette er hendingar med både positive og negative kvalitetar, som bryllaup, dåp, konfirmasjon og gravferd. Kyrkja er ofte bygda sitt eldste og mest påkosta bygg og nesten heile lokalsamfunnet har gjennom generasjonar feira livet sine høgdepunkt her. Mange tenker på kyrkjegarden som ein stad der ein begraver dei døde, og dette er kyrkjegarden sin mest openbare funksjon. Men kyrkjegarden er langt meir enn ein siste kvilestad. Ofte utgjer kyrkjegarden saman med kyrkja eit geografisk, visuelt og kulturelt sentrum, og kyrkjegarden er på mange måtar ei forlenging av sjølve kyrkja. Ein velheldt og godt utarbeida kyrkjegard vil fortelje om historia til lokalsamfunnet, kva familiar som levde der og namn og yrker på enkeltpersonar. (Sørmoen, 2005, s. 9)

Kyrkjegarden er eit offentleg rom, og er ein stad for livet sine hardaste tak. Men det er òg ein stad for forsoning, meditasjon og refleksjon.(Sørmoen, 2005, s. 9) I feiringa av livet sine positive hendingar vil kyrkjegarden ikkje vere like sentral som ved ei gravferd, men kyrkjegarden vil alltid vere tilstade og skal ikkje gje eit negativt inntrykk på ein gledesfylt dag. For å oppnå dette må utforminga og vedlikehaldet av kyrkjegarden vere utarbeida på ein tilfredsstillande måte. Ein godt estetisk utforma kyrkjegard vil vise respekt for dei døde, men òg føre til at kyrkjegarden vil verte ei positiv forlenging av kyrkja. Alle menneske skal ha moglegheit til å delta på hendingane som kyrkja legg til rette for. Uavhengig av funskjonshemmingar, alder og skadar skal ei mor kunne delta på konfirmasjonen eller bryllaupet til dottera. Ein enkemann skal kunne delta på si avdøde kone si gravferd, og skal ha moglegheit til å besøke grava hennar utan store vanskelegheitar. For å oppnå dette må kyrkjegardar vere universelt utforma.

Mi oppgåve omhandlar å utarbeide ein områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard. Denne kyrkjegarden skal utvidast og treng fleire parkerings- og gravplassar. For å løyse dette på best mogleg vis ville eg vektlegge ulike tema som var relevante, og sette meg sjølv nokre delmål for oppgåva. Temaa eg har valgt å vektlegge er estetikk, universell utforming og arealutnytting. Innanfor kvart tema sette eg meg delmål:

- Estetikk: Utarbeide ein kyrkjegard som ser naturleg ut og gjev ei heilsleg kjensle.
- Universell utforming: Gjere gode overordna val som vil gje eit godt utgangspunkt for universell utforming, som igjen vil føre til ein kyrkjegard som alle menneske, uavhengig av funskjonshemmingar, alder og skadar, kan bruke utan store vanskelegheitar.
- Arealutnytting: Utarbeide ein kyrkjegard som på best mogleg måte utnyttar arealet, som igjen vil føre til mindre omdisponert jordbruksmark.

Problemstillinga for oppgåva er følgjande:

*Korleis utarbeide eit forslag til ein områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard med fokus på utviding av antall parkerings- og gravplassar, der estetikk, universell utforming og arealutnytting skal verte vektlagt?*

Oppgåva er delt opp i tre ulike delar. Den første delen gjer greie for arbeidsmetoden min og ulike tema som må takast omsyn til i arbeidet som fører til del to. Del to er resultatet av oppgåva; sjølve planen med planomtale, reguleringsføresegner, ROS-analyse og plankart. Den tredje delen av oppgåva drøftar ulike val som er tatt og kvifor desse vala er tatt.

## 1. Metode

### 1.1 Arbeidsmetode:

For å løyse denne oppgåva på best mogleg vis, var planen å ha kontroll gjennom heile arbeidsperioden og ha ei god oversikt over arbeidet.

Måten eg tenkte å løyse dette på, var ved å starte med å tilegne meg så mykje informasjon og kunnskap eg kunne, for så å utforme ulike forslag for området og til slutt starte med utarbeidinga av planen. Dette gjorde eg ved bruk av ulike metodar.

#### Innleiande arbeid:

I det innleiande arbeidet vart samarbeidet med kommunen sett i gong. Eit oppstartsmøte vart heldt, der informasjon om kva som skulle gjerast framover, og hensikta med planen kom fram. Arbeidet med offentleg kunngjering og brev til berørte partar vart sett i gong.

Som lokal i området hadde eg allereie god kjennskap til Helgheim kyrkje og kyrkjegarden. Ei synfaring var likevel naudsynt. Ulike detaljar i området var ikkje registrerte, og korleis ei utviding av kyrkjegarden kunne sjå ut var uvisst. Den første synfaringa i arbeidet vart gjort tidleg, for å få eit «nytt førsteintrykk», registrere detaljar og ta bileter av området.

Litteratursøk vart òg brukt som ein metode i det innleiande arbeidet. Eg starta tidleg med å hente inn litteratur som var relevant for oppgåva. Denne litteraturen vart henta inn frå internett og bøker. Informasjonen og kunnskapen som vart innhenta vart brukt vidare i oppgåva.

#### Registrering og innhenting av data:

Då arealplanleggingsfaga var fullført, kunne arbeidet med registrering og innhenting av data til utarbeidinga av planen settast i gong.

Jølster kommune er pliktige til å stille med kartdata, og dei vart kontakta. Dei sendte over alt av kartdata som var naudsynt, og desse vart lagt inn i GISLINE arealplan. Deretter starta arbeidet med registrering av ulike tema, og funna av desse registreringane skulle brukast vidare i planen.

#### Skissering og utarbeidning av plan:

Registreringa av relevante tema gav ei god oversikt over området. Då dette arbeidet var ferdig, vart det sett i gong ein idèdugnad over ulike plasseringar av ulike arealformål. Mange tema hadde sitt å sei i utforminga av kyrkjegarden, og det vart skissert ned mange forslag.

Ulike forslag vart sett opp imot kvarandre, og ein del vart forkasta. Med eit fåtal av forslag att til vurdering, vart ei ny synfaring planlagt. Denne synfaringa var til hjelp i valet av kva forslag som ville vere det beste å ta med vidare i arbeidet.

Då valet av eit forslag var bestemt, vart arbeidet med redigering av plankart i GISLINE arealplan starta. Parallelt med redigering av plankart, vart ROS-analysa, planomtalen og reguleringsføresegnene utarbeida.

Som inspirasjon for utforming av desse delane har eg brukt ein detaljreguleringsplan for Greipstad kyrkjegard som mal. Planomtale(Wefald, 2012), reguleringsføresegner(Songdalen kommune, 2012) og ROS-analyse(Krugerud, 2012) for denne kyrkjegarden har vore brukt til inspirasjon.

## **1.2 Vektlagde tema:**

I problemstillinga til denne oppgåva står det at estetikk, universell utforming og arealutnytting skal vektleggast. Dette er tema som er sentrale for kyrkjegardar generelt, og spesielt innanfor kyrkjegarden eg skal utforme.

Formålsparagrafaen i plan- og bygningslova (§1-1 femte ledd) seier at:

«Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til det enkelte byggetiltak. Det same gjeld omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgjevnadane.» (Plan- og bygningsloven, 2008)

Det er viktig å sette seg eit mål om å skape ein kyrkjegard som vil rette seg til alle brukarar, utan nevneverdige hinder for deira, eller kyrkjegardsarbeidarar sin bruk av kyrkjegarden. Opplevinga av kyrkjegarden skal vere positiv, og estetikk er dermed viktig. Dette handlar om respekt for dei døde, og deira sorgande.

Formålsparagrafen i plan- og bygningslova (§ 1-1 første ledd) seier at:

«Lova skal fremme berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.» (Plan- og bygningsloven, 2008)

Temaet om arealutnytting har eg tatt med grunna tanke på jordvernet. Det er viktig å sikre ei berekraftig utvikling, men det er ikkje derfor sagt at utbygging på jordbruksmark kan unngåast. Det er då viktig å ha ei god arealutnytting for å sikre at ein tapar så lite jordbruksmark som mogleg.

## **1.3 Estetikk:**

Ein kyrkjegard er ei råme for både gode og därlege stunder. Bryllaup, dåp og konfirmasjon er hendingar som er gledelege, medan gravferder er tunge og sorgjelege hendingar. Uansett er det viktig med ein kyrkjegard som er estetisk, og gjev dei som er der ei så positiv kjensle som mogleg. Opplelsen av kyrkjegarden skal vere god, og kyrkjegarden må haldast ved like. Estetisk utforming og vedlikehald av kyrkjegarden er viktig med tanke på dei som er gravlagde, og deira sorgande. Å sjå at området rundt dine nærmeste sine gravplassar ikkje blir vedlikeheldt, er ikkje ei god oppleving. Når ein skal gifte seg vil ein estetisk kyrkjegard auke den positive opplevinga av den store dagen. Estetikk er knytt til opplevingar, og kva vi opplever som vakkert og attraktivt gjennom våre kjensler og sansar. (Furebotten, Helleve, & Raniseth, 2014, s. 32)

Ulike tiltak som kan føre til ein god estetisk utforming kan vere val av murar, portar, vegar, benkar og bruk og val av vegetasjon. Ein reguleringsplan vil vise korleis tilkomst og parkering kan løysast. Den kan òg gje bestemmersar for materialbruk for framtidige murar og gjerder, og om dei eksisterande murane og gjerda skal oppretthaldast. Eit godt verkemiddel for å ikkje føre til at ein parkeringsplass vil dominere ein kyrkjegard, vil vere å dele opp parkeringsplassen i fleire mindre delar, eller ved å bruke rabattar med vegetasjon. Parkeringsplassar kan og plasserast lavare i terrenget. (Wefald, 2005, s. 72-73) Når det gjeld ei utviding av ein kyrkjegard som det gjer i dette tilfellet, kan retninga og formen av utvidingsområdet spele inn på opplevinga av området. Det er viktig at kyrkjegarden gjev ei heilsleg kjensle, som kan gje eit godt førsteintrykk.

## **1.4 Universell utforming:**

Alle menneske skal kunne delta på dei gode og därlege stundene kyrkjegarden er ei råme for, og for at dette skal kunne vere mogleg er ei god universell utforming viktig å få til.

Universell utforming vert definert som:

«Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnadar på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming»  
(Miljøverndepartementet, 2007)

Ein kyrkjegard er eit offentleg rom, og det kan til ei kvar tid komme besøkande for å stelle gravplassar, eller for å sørge. Det vil og førekomme større hendingar som vil føre til ein større intensitet i besøkande. Alle grupper av menneske vil kunne besøke ein kyrkjegard, og det er då viktig å legge til rette for desse i planarbeidet. 70% av Noregs befolkning kan rekne med å vere meir eller mindre funksjonshemma i delar av livet, for eksempel etter uhell eller sjukdom, og bortimot 20% av befolkinga er varig funksjonshemma. Innanfor universell utforming for kyrkjegardar har vi tre ulike grupper av funksjonshemmingar som må leggast vekt på, desse er røyrslehemma, orienteringshemma og miljøhemma. Ein må òg sjå på dei behova eldre menneske har. (Fiskaa, 2012, s. 190)

Ulike tiltak som er relevante og kan hjelpe funksjonshemma og eldre i deira ferdsel og opphold innanfor kyrkjegardar:

Røyrslehemma:

- Areal. Nok plass til å manøvrere rullestolar og barnevogner.
- Stigningsgrad. Liten eller ingen stigning.
- Trinnfritt. Det skal ikkje oppstå trinn eller treskel.
- Heis/rampe. Ved ulike høgdennivå skal heis eller rampe vere tilgjengeleg.
- Passasjer. Gangvegar og portar må vere breie nok.
- Kort avstand. Halde avstanden så liten som mogleg, samle viktige funksjonar.
- Underlag. Jamt og fast.
- Rekke- og sikthøgde. Skilt, vatningspostar og anna utstyr skal vere tilpassa både ståande og sittande.
- Enkel handtering. Portar og anna utstyr må kunne handterast med liten kraft.

Orienteringshemma:

- God planløysing. Oversiktleg og logisk.
- Vegfinningssystem. Informasjon taktilt, auditilt og visuelt. Leiingsliner.
- Ryddige gangsoner. Unngå hindringar i gangsoner.
- Tydeleg informasjon. Lettleselge skilt, standardiserte symbol.

Miljøhemma:

- Materialbruk. Bruk av material som er enkle å reinhalde og ikkje er allergiframkallande.
- Beplanting. Unngå bruk av vegetasjon som vil forårsake store allergiske reaksjonar.  
(Grutle, 2013, s. 22)

## **1.5 Arealutnytting:**

Det siste temaet som vert vektlagd i denne oppgåva er arealutnytting. Eg såg det tidleg i den første arbeidsfasen at ei utviding mest sannsynleg ville gå utover jordbruksmark, og med dette i tankane vart ei god arealutnytting sentralt. For å spare jordbruk må eg tenke over kor mykje areal som treng å bli omdisponert, og korleis dette området skal nyttast på best mogleg vis. Fokuset i oppgåva er å utvide kyrkjegarden med tanke på fleire grav- og parkeringsplassar, og eg må finne ut kor mange grav- og parkeringsplassar som er naudsynt. Så må eg finne ei utforming som utnytter arealet godt, medan utforminga får plass til det naudsynte antallet grav- og parkeringsplassar.

## **1.6 Arealkrevjande krav til parkeringsanlegg og gravplassar:**

Ulike krav til grav- og parkeringsplassar er sentrale faktorar for å kunne opparbeide ein kyrkjegard som nyttar arealet godt. Dette er naudsynt å hente inn for å kunne rekne ut kor mykje areal som er naudsynt for utvidinga.

I følgje Statens Vegvesen handbok N100 om veg og gateutforming står det at ein parkeingsplass for personbil burde ha eit areal på  $12.5 \text{ m}^2$ . Breidda burde vere på 2,5 meter og lengda burde vere på 5 meter. Avstanden mellom to parkeringsrekker burde vere på 7 meter. (Statens Vegvesen, 2014)

Ei kistegrav si dimensjonering står oppført i gravferdsforskrifta § 13 første ledd:

«Kistegrav skal vere minst 3 meter lang og 1,5 meter brei.» (Gravferdsforskrifta, 1997)

I følgje forskrift for kyrkjegardane og gravlundene, administrasjon og forvaltning, Oslo kommune står det i § 3 første ledd:

«Avstanden mellom rekkene av kistegraver skal vanlegvis vere 0,65 m, og mellom gravene i rekkene 0,30 m.» (Forskrift for kirkegårdene mv., Oslo, 1994)

For at utstyr, som skal grave ut graver og holde kyrkjegarden i hevd, skal ha god tilgang til området må breidda på gangvegen og porten vere stor nok for dette.

## **1.7 Andre tema:**

For å kunne planlegge ei utviding av ein kyrkjegard er det mange ulike tema som må takast omsyn til. Eg vil her gå gjennom ulike tema som vil vere naudsynt å tenke over før ein går vidare og inn i prosjekteringsfasen. Temaa som vert greia ut om under, er tema som er relevante for denne reguleringsplanen.

## **1.8 Kulturminner:**

Kulturminner er eit sentralt tema når det gjeld kyrkjegardar og det er mange kyrkjer i Noreg som er automatisk freda. Ein kyrkjegard er eit område der det absolutt er mogleg at kulturminner ligg, og kulturminner kan ofte verte funne under arbeid i tilknyting til kyrkjegardar. Under den første synfaringa mi såg eg at ulike kulturminner rundt kyrkjegarden vart gravd opp og fjerna, og dette auka merksemda mi for dette temaet innafor planlegginga. Det var derfor viktig for min del å identifisere alle kulturminner som er registrert i området før eg starta med prosjekteringa.

## **1.9 Gjeldande planar for området:**

Andre registreringar eg ville gjøre før eg tok til på arbeidet med sjølve planen var registrering av planar for området, og planar som grensar til området mitt. Dette var naudsynt for å sjå om planen

min ville vere i tråd med kommuneplanen sin arealdel, og for å sjå om avgrensinga av området mitt ville verte påverka av andre reguleringsplanar i området. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken 09.12.14, men var ikkje tilgjengeleg på Jølster kommune sine nettsider før 13.04.15. Eg visste og at ein plan for E39 Skei-Bjørset hadde vore under opparbeiding. Eg fann så ut at Helgheim kyrkjegard ikkje har vore tidlegare regulert.

## 1.10 Arealformål og omsynssoner:

For å få ei god oversikt over planlegginga bestemte eg meg for å sjå over kva arealformål som ville vere relevante for området. Sidan området ikkje er tidlegare regulert, skal eg regulere og sette inn arealformål for den noverande kyrkjegarden samt utvidinga.

Arealformål som kan vere relevante for Helgheim kyrkjegard:

- Grav- og urnelund. Kode: 1700
- Kyrkje. Kode: 1164
- Lager. Kode: 1350
- Uthus/Naust/Badehus. Kode: 1589
- Køyreveg. Kode: 2011
- Gangveg/gangareal/gågate. Kode: 2016
- Parkeringsplassar. Kode: 2082
- Grønnstruktur. Kode: 3001

Ved utarbeidning av ROS-analyse vart eg merksam på ulike uønska hendingar, og ville få ei oversikt over kva omsynssoner som kunne vere naudsynt å bruke i plankartet.

Omsynssoner som kan vere relevante for Helgheim kyrkjegard:

- Faresone for ras og skred. Kode: 310
- Faresone for flaum. Kode: 320
- Bandlegging etter lov om kulturminner. Kode: 730

Oversikt over arealformål og omsynssoner og deira kodar vart funne i Miljøverndepartementet si rettleiing til forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealformål og digitalt planregister.(Miljøverndepartementet, 2009)

## 1.11 Krav til kyrkjegard:

Eg ville òg ha ei generell forståing for kva krav som vart stilt til ei utviding av ein kyrkjegard. I rundskrivet forvaltning av kyrkje, kyrkjegard og kyrkja sine omgjevnader som kulturminne og kulturmiljø, av regjeringa fann eg at lover som kyrkjelova-, gravferdslova- og kulturminnelova med forskrifter var relevant for mi oppgåve. (Regjeringen, 2000) I desse lovene og forskriftene starta eg å leite opp informasjon som var nyttig for meg og mi planlegging av Helgheim kyrkjegard.

Gravplan, kyrkjegardsplan og geoteknisk vurdering var punkt som eg beit meg merke i når eg las gjennom gravferdsforskrifta. I ein reguleringsplan vil ein berre merke av ulike arealformål, og ikkje dele gravfelta inn i gravplassar eller vise plassering av vatningspostar, benkar eller containarar. Ein vil heller ikkje vise korleis drenering og handtering av overvatn vil verte løyst. Dette må gjerast før ein kan starte å utarbeide kyrkjegarden. For å sikre at dette vert gjort kan ein nemne det i reguleringsføreseggnene til planen.

## **2. Resultat:**

Resultatet av denne oppgåva er sjølve områdereguleringsplanen med planomtale, reguleringsføresegner, ROS-analyse og plankart.

Valet av min plan, som er ein områdereguleringsplan istadenfor ein detaljreguleringsplan, var kommunen sitt val. Grunnen til dette var gjennomføringsfristen for ein områdereguleringsplan, som var på 5 år før plan- og bygningslova vart endra 19.12.2014.

# Områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard

---



## **Innholdsfortegnelse**

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>13</b>
1.1. Lokalisering.....	13
1.2. Formålet med planen.....	13
1.3. Planprosess.....	13
1.4. Innspel .....	14
<b>2. Planstatus og rammar for arbeidet.....</b>	<b>16</b>
2.1. Kommuneplanen sin arealdel.....	16
2.2. Reguleringsplan .....	16
<b>3. Planområdet .....</b>	<b>17</b>
3.1. Dagens situasjon.....	17
3.2. Landskap.....	19
3.3. Miljøpåverknadar .....	19
<b>4. Skildring av planframlegget.....</b>	<b>20</b>
4.1. Arealer og formål .....	20
4.2. Bebygging og anlegg.....	20
4.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.....	22
4.4. Grønnstruktur.....	23
4.5. Omsynssoner.....	23
<b>5. Verknader av planframlegget.....</b>	<b>24</b>
5.1. Planfaglege vurderinger .....	24
5.2. Jordvern- og landskapsfaglege vurderinger .....	25
5.3. Miljøfaglege vurderinger .....	25
5.4. Kulturlandskap og kulturminner .....	26
5.5. Samfunnssikkerhet og beredskap .....	26
5.6. Barn og unge, funksjonshemma og eldre sine interesser .....	27
5.7. Veg- og vegtekniske forhold/trafiksikkerhet.....	27

# Planomtale

## 1. Innleiing

Planen er utarbeida av Ole Martin Bolset, på vegne av Jølster kommune. Planen er ein områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard. Planområdet er satt av til etablert og framtidig grav- og urnelund, samt areal for parkeringsplassar.

### 1.1. Lokalisering:

Planområdet befinn seg på Helgheim kyrkjegard i Jølster kommune, 5 kilometer vest for Skei sentrum. Kyrkjegarden grensar til E39 i nord, Jølstravatnet i vest og sør og til jorbruksmark i austleg retning. Området er ikkje tidlegare regulert, så planen vil innehalde etablert og framtidig kyrkjegard.



Figur 1: Oversiktskart der planområdet er markert med rød ring. (Norgeskart, 2015)

### 1.2. Formålet med planen:

Formålet med planen er å utvide Helgheim kyrkjegard, med fleire grav- og parkeringsplassar. Antallet grav- og parkeringsplassar er fastsatt av Jølster kyrkjekontor. Antall parkeringsplassar er blitt satt med tanke på større hendingar der ein må ha nok plass til full kyrkje. Ved utforminga av utvidinga skal estetikk, universell utforming og god arealutnyttelse verte vektlagt.

### 1.3. Planprosess:

Oppstartsmøtet med Jølster kommune blei heldt 19.06.14. Oppstartsvarsel vart annonser i Firda og Firda Tidende 25.06.14. Brev om oppstart vart sendt til naboor og berørte partar 19.06.14. Merknadsfristen vart satt til 20.08.14, og 7 berørte partar kom med innspel.

I oppstartsmøtet kom det fram følgjande:

- Hovudformålet er utviding av grav- og parkeringsplassar.
- Planframlegget utløyser ikkje krav om planprogram då den er i tråd med kommuneplanen sin arealdel, og dermed ikkje krav om konsekvensutgreiing.
- Kommunale føresegner og retningsliner i kommuneplanen sin arealdel skal ligge til grunn for planarbeidet.

## **1.4. Innspel:**

Oppsummering av innspel:

### **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:**

Natur og miljø:

- Ta omsyn til planen sine konsekvensar for naturmangfald (vassdragskultur), landskap/estetikk, friluftsliv og andre ulike interesser (jf. pbl. §4-2).
- Tirlår sterkt at det heller ikkje vert opna for nye inngrep heilt ned til vasskanten. Tirlår å sette av eit grøntbelte langs vasskanten som sikrar allmenn ferdsel og ivaretak eventuelle naturkvalitetar.
- Ut frå landskapsomsyn er det generelt viktig å ta vare på naturlege strandlinjer langs vatn.
- Når det gjeld planen sine verknader for naturmiljø går vi ut ifrå at mål og prinsipp i naturmangfaldlova (jf. §7 og dei miljørettslege prinsippa i §§8-12) vert vurderte i planomtalen og lagde til grunn for utarbeiding og vedtak av planen.

Landbruk:

- Jordvernet må vegast mot andre samfunnsinteresser. Naudsynt utviding av ein gravplass vert i denne samanhengen rekna som så viktig at jordvernet oftast må vike.
- Svært viktig å ikkje omdisponere meir dyrka jord enn høgst naudsynt til føremålet. Vi ber difor om at ein i planprosessen nøye vurderer det reelle arealbehovet.

Beredskap og samfunnstryggleik:

- Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at samfunnstryggleiken vert ivaretaken i alle planar etter plan- og bygningslova.

### **Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

- Planområdet har høgt potensiale for automatisk freda kulturminne.
- Tiltakshavar si undersøkingsplikt må derfor gjennomførast i planområdet, jf. lov om kulturminne § 9.
- Det er viktig at både gravplassen og parkeringa får ei estetisk god utforming som tek omsyn til Helheim kyrkje.
- Vi ber òg om at 60 m. byggeforbodssone rundt kyrkja vert merka av på plankartet.

### **Statens Vegvesen:**

- Planutforminga må tilpassast vedteken reguleringsplan for E39 Bjørset - Skei og elles må gjeldande vegenormalar i handbok 017 om veg- og gateutforming leggast til grunn for planarbeidet.

**Bergens Sjøfartsmuseum marinarkæologi:**

- Museet kjenner ikkje til kulturminne i vatnet ved Helgheim kyrkje i Jølster kommune som kan bli direkte råka av det føreslårte tiltaket. Planområdet ligg derimot i eit område kor vi vurderer eit høgt funnpotensial.

**Bjørgvin bispedømekontor ved Jens Z. Meyer:**

- Me vurderer det slik at fylkeskommunen si fråsegn dekkjer våre merknader.

**Frank Anders og Ingrid Christine Borch-Åmot:**

- Garden (gards/bruksnr 6/3) vart overteke ved arv i 2007, og vi flytta inn i 2012. Vi har på denne tida etablert oss her, og ønskjer å sette i stand garden og nytte den i næringshøve.
- Vi ser at det er behov for større parkeringsplass, og vi er ville til å gå i dialog på dette.
- Det vi ikkje likar er at vi mistar omtrent all dyrkbar mark i området.
- Dette øydelegg for planar om dyrehald, og framtidig bruk av bøen.
- Vi ønskjer derfor at det vert vurdert å plassere kyrkjegarden ein annan stad, t.d. på Skei.

**Noregs vassdrags- og energidirektorat:**

- I det aktuelle planarbeidet er tryggleik mot skred ei aktuell problemstilling. I skrednett sine akstemdkart er deler av planområdet definert som potensielt fareområde for jord- og flaumskred.
- Fareområde må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone, og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.
- Området som er omfatta av 200 års flaum må merkast i plankartet som omsynssone Fareområde flaum.
- NVE oppmodar om at planen må legge opp til ein arealbruk som ikkje inneber inngrep i vatnet.

Merknadane er lagt til grunnlag for planen og vil verte kommentert i verknadar av planframlegget.

## 2. Planstatus og rammar for arbeidet

### 2.1. Kommuneplanen sin arealdel:

Det aktuelle området på Helgheim er avsatt til eksisterande og framtidig grav- og urnelund i kommuneplanen sin arealdel 2013 - 2025. Planframlegget er dermed i tråd med kommuneplanen sin arealdel.



Figur 2: Utklipp frå kommuneplanen sin arealdel. (Jølster kommune, 2014)

### 2.2. Reguleringsplan:

Områdereguleringsplanen for Helgheim kyrkjegard grensar til reguleringsplan E39 Bjørset-Skei. Denne reguleringsplanen grensar tett til det aktuelle området og desse planane skal ikkje overlappast.



Figur 3: Utklipp av reguleringsplan for E39. (Tilsendt frå Jølster kommune)

### 3. Planområdet

#### 3.1. Dagens situasjon:

I Jølster kommune er det ein gravplass og to kyrkjegardar. Desse er Vassenden kyrkjesenter, Ålhус og Helgheim kyrkjegard. Helgheim er ei grend som ligg 5 km. aust for Skei sentrum, kyrkjegarden ligg på sørssida av E39 ved Jølstravatnet og er lett å lokalisere då den er godt synleg frå vegen. Helgheim kyrkjegard vert mest brukt av bebruarar som er tilknytta tettstaden Skei. Området grensar til E39, jordbruksmark og Jølstravatnet, og på nordsida av E39 er det nokre bustader. Dette er faktorar som må takast omsyn til.



Figur 4: Kyrka og synlegheit frå E39.

Utvidingsområdet er jordbruksmark, og har ein relativt artsfattig samansetning. Innanfor den etablerte kyrkjegarden er kyrkja listeført og Helgheim middelalderske kyrkjegard automatisk freda. I området rundt er det funne fleire automatisk freda kulturminner, men desse er fjerna etter arkeologiske utgravingar.



Figur 5: Utvidingsområdet sett frå sør-aust.



Figur 6: Utvidingsområdet sin austlege del.

Den noværande kyrkjegarden er delt inn i fire mindre gravlunder, av grusstiar. I ytterkanten er kyrkjegarden avgrensa av ein steinmur, og strekninga ved tilkomstvegen er avgrensa av eit tregjerde. Innanfor planområdet er det lokalisert fire ulike bygg. Dei er kyrkja som er listeført, eit lager som vert brukt i kyrkja sin regi, og to naust som er privateigd.



Figur 7: Gravlund G1 – G3.



Figur 8: Gravlund G4.

### 3.2. Landskap

Området består av dei eksisterande grav- og urnelundane, medan utvidingsområdet er jordbruksmark. Grunnforholdet i området består av elveavsetning, og terrenget er relativt flatt, med ein liten helling ned mot Jølstravatnet. Den noverande kyrkjegarden har ei enkel og logisk utforming med gode gangvegar som gjev god tilgang til alle gravplassane. Strandlinja innanfor området har ikkje store kvalitetar. Nesten heile vasskanten er belagt av store steinar, dette vil sei at tilgangen til vatnet er begrensa. Ved gangvegen til kyrkja er det eit mindre område som har betre tilgang til vatnet då stranda består av sand og grus. Over vasskanten grensar steinstranda til jordbruksmark, parkeringsplass, lager og gangveg.



Figur 9: Strandlinje frå parkeringsplass mot kyrkja.



Figur 10: Strandlinje under utvidingsområdet.

### 3.3. Miljøpåverknadar

Kyrkjegarden grensar til E39 som vil påføre ein viss del med støy, støv og forureining. Muren rundt kyrkjegarden vil forhindre dette i visse mengder.

## 4. Skildring av planframlegget

### 4.1. Arealer og formål

Arealet vert føreslått regulert til følgjande formål:

Pbl § 12-5 arealformål:

1. Bebygging og anlegg:

- G1 – G7 Grav- og urnelund
- K1 Kyrkje
- N1 – N2 Naust
- L1 Lager

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

- P1 Parkeringsplassar
- GV1 – GV2 Gangveg
- T1 Køyreveg

3. Grønnstruktur:

- Gr1 – Gr2 Grønnstruktur
- V1 Vegetasjonsskjerm

Pbl § 12-6 omsynssoner:

1. Bandleggingssone:

- H730 Bandlegging etter lov om kulturminner.

2. Faresoner:

- H310 – H310\_2 Faresone for jordskred.
- H320 Faresone for 200 årsflaum.

Planområdet er på omtrent 23.4 daa.

### 4.2. Bebygging og anlegg

#### Grav- og urnelund:

Planområdet inneholder 7 ulike gravlunder.

#### G1 – G4. 7.3 daa

Gravlundene G1 – G4 er noverande gravlunder. Desse er i nær tilknyting til kyrkja. Områda skal ikke endrast, kyrkjemurane og tregjerdet skal bevarast. Dagens inndeling av graver skal oppretthaldast. Delar av desse gravlundene består av Helgheim middelalderske kyrkjegard, og er automatisk freda.(Kulturminnesøk, 2015) Det er oppført ei bandleggingssone etter lov om kulturminner for dette området. Ved bandleggingssona kjem det fram at tiltak, utan vanleg kyrkjeaktivitet, som kan føre til umiddelbar eller framtidig skade på den middelalderske kyrkjegarden er forbode.

## **G5 – 2.6 daa**

Framtidig gravlund, neverande jordbruksmark. Avgrensning av G5 vert gjort av tregjerde i vest, kyrkjemur i nord og aust, medan området vil verte avgrensa med gangvei i sør.

## **G6 – 2.3 daa**

Framtidig gravlund, neverande jordbruksmark. Avgrensinga av G6 vert gjort av tregjerde i vest, gangvei i nord og aust og kyrkjemur i sør.

## **G7 – 1.9 daa**

Framtidig gravlund, neverande jordbruksmark. Avgrensinga av G7 vert gjort av gangvei i vest og nord, medan kyrkjemuren vil avgrense området i sør og aust.

## **G5 – G7**

Topografien for desse tre framtidige gravlundene er lik. Terrenget er relativt flatt med ein liten helling sørover ned mot Jølstravatnet. Eventuelle tiltak skal gjennomførast i samsvar med den tekniske planen. Det er viktig å behandle problem som overvatn og drenering på ein tilfredsstillande måte.

### **Kyrkje:**

#### **K1**

Helgheim kyrkje er ei listeført kyrkje som er bygd i 1877, det er ei langkyrkje og har plass til 500 besökande. Kyrkja er bygd i tre og har ein nygotisk stil. Den ligg i nær tilknyting til Jølstravatnet, og er omgitt av store tre. I plankartet er det ført opp ei 60m byggeforbodssone frå kyrkja. Helgheim kyrkje står på den middelalderske kyrkjegarden, og bandleggingssona ligg over kyrkja.

### **Naust:**

#### **N1 og N2**

I planområdet ligg det to naust. Desse nausta er privateigd og vert ikkje påvirka under gjennomføringa av reguleringsplanen.

### **Lager:**

#### **L1**

Det er lokalisert eit bygg som i kyrkja sin regi vert brukt som lager. Dette bygget skal ikkje endrast og vil ikkje verte påvirka av reguleringsplanen.

## 4.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

### Parkeringsplass:

#### P1

Sør i planområdet skal noverande parkeringsplass endrast litt og utvidast. Parkeringsplassar har det vore mangel på ved Helgheim kyrkje, og ei utviding av parkeringsplassen er naudsynt. Utvidinga vil føregå i austleg retning, og vil kunne romme omtrent 120 bilar. Med tanke på arealutnytting og estetikk var dette den beste løysinga. For å unngå store mengder rygging, har parkeringsplassen moglegheit for gjennomkjøring. Det skal plasserast handikap-parkeringsplassar i nær tilknyting til eksisterande og framtidige gravlunder.

### Gangveg:

#### Gv1

Gv1 er den eksisterande gangvegen som strekk seg frå parkeringsplassen til kyrkja og vidare inn mellom G1 – G4. Denne gangvegen er asfaltert frå parkeringsplassen og til inngangsporten til kyrkjegarden. Derifrå er gangveg-materialet grus. Denne gangvegen ligg i den noverande kyrkjegarden og skal ikkje endrast. Breidda på gangvegen varierar frå 2-3 meter.

#### Gv2

Gv2 er den framtidige gangvegen som skal strekke seg frå den austlege sida av parkeringsplassen og inn mellom G5-G7 og koble seg til tilkomstvegen sentralt i planområdet. Denne gangvegen skal vere i same materialet som Gv1 innanfor kyrkjegarden, i materialet grus. Gangvegen skal vere 3 meter brei og tilgongen frå P1 og T1 skal vere trinnfri.

### Køyreveg:

#### T1

Tilkomstvegen er eksisterande og skal ikkje endrast på noko vis. Tilkomstvegen knyt ilag E39 og parkeringsplassen.

## 4.4. Grønnstruktur

### Grønnstruktur:

#### Gr1

Langs vasskanten ved heile planområdet er det sett av eit grøntbelte med varierande breidde. Dette er gjort for å sikre ålmenn ferdsel langs strandlinja til Jølstravatnet. Førmalet er satt for å hindre utbygging som kan hindre ferdsel langs vatnet. Ved utstikkaren sør-aust i området skal det settast opp benkar som besøkande og ålmenta kan bruke som opphaldsplass. Her kan dei samle tankar, og nyte utsikta. Vegetasjon skal opparbeidast og området skal haldast i hevd. Innanfor grønnstrukturen er det tenkt at plassering av containrarar for handtering av kompost og søppel kan vere aktuelt. Beste løysinga vil vere å ha to containrarar, ein i nærleik til den etablerte og ein i nærleik til den framtidige gravplassen. Forslag til plassering er vest for N1 i nærleik til P1, og ved den austlege enden av P1. Plassering av desse skal vere bestemt i kyrkjegardsplan.

#### Gr2

Gr2 er ein neverande busshaldeplass som ikkje er med i reguleringsplanen for E39. Tilgong frå E39 til denne busshaldeplassen vil ikkje eksistere. Området skal omregulerast til grønnstruktur. Beplanting av ulik vegetasjon kan vurderast her.

### Vegetasjonsskjerm:

#### V1

Sentralt i parkeringsplassen er arealformålet vegetasjonsskjerm satt opp. Her skal det plantast mindre tre eller planter for estetiske grunnar, og gjerne vegetasjon som ikkje vil føre til store allergiske reaksjonar for brukarane av kyrkjegarden. Vegetasjonsskjermen vil bryte opp parkeringsplassen.

## 4.5. Omsynssoner

Planforslaget innehavar fire omsynssoner.

- Bandlegging etter lov om kulturminner. H730
- Faresone for jordskred. H310 – H310\_2
- Faresone for 200 årsflaum. H320

Helgheim middelalderske kyrkjegard er automatisk freda og er derfor bandlagt etter lov om kulturminner.

Faresona for jordskred går over større delar av den etablerte kyrkjegarden. Innanfor utvidingsområdet er ein liten del nord-aust i området utsett.

Faresone for 200 årsflaum strekk seg oppover i området. Faresona dekker store delar av parkeringsplassen, og vil dekke litt av gravlundene G6 og G7.

Omsynssonene og deira funksjon står beskreve i føresegndene.

## 5. Verknadar av planframlegget

### 5.1. Planfaglege vurderingar

#### **Overordna plan:**

Planforslaget er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, det vil vere ei utviding av eksisterande anlegg, og ikkje utbygging i tidligare ubenyttta område.

#### **Nær- og fjernverknad:**

Framtidige tiltak vil ikkje føre til noko bekymningsverdig fjernverknad. Det er ingen bygg som skal oppretta, og utvidinga av gravplassen vil virke naturleg. Parkeringsplassen vil verte forholdsvis skjerma av vegetasjonsskjerm og kyrkjegardsmur. Nærverkninga av tiltaket vil verte større då det er busetting på nordsida av E39 rett over utvidingsområdet, som vil ha innsikt til den framtidige gravplassen.

#### **Naturgrunnlag:**

Grunnforholda i planområdet består av elveavsetning. (NVE Atlas, 2015) Areala som skal nyttast som framtidig gravplass og parkeringsplass skal dokumenterast før det kan gjevast tillatelse til tiltak. Dette står forklart i føreseggnene.

#### **Lokalisering:**

Utvidinga av kyrkjegarden er i tilknyting til noverande kyrkje og kyrkjegard. Sambandet mellom desse er god, alle gravplassar vil ligge innanfor gangavstand frå kyrkja. Området ligg omtrent 5 kilometer frå Skei sentrum.

#### **Grønnstruktur:**

Helgheim kyrkjegard grensar til Jølstravatnet, der det er sett krav til å oppretthalde eit grøntbelte langs vasskanten. Planforslaget har satt av eit belte med arealformålet grønnstruktur i varierande breidde langs heile vasskanten. Dette vil sikre ålmenn ferdsel langs strandlinja. Noverande busshaldeplass nord i området vil verte omregulert til grønnstruktur.

#### **Estetikk:**

Estetikk i planen er vektlagt. Utvidinga av kyrkjegarden vil få eit naturleg preg, det vil ikkje oppstå områder som skiller seg ut. Breidda for heile gravplassen startar smalt, aukar i breidde sentralt, og smalar seg inn igjen i den austlege enden. Dette gjev området ein god flyt. Bruk av eksisterande material når det gjeld opparbeiding av kyrkjegardsmur og tregjerde vil skape ei heilsleg kjensle for planområdet. Parkeringsplassen vil verte utarbeida sør i området og med ein vegetasjonsskjerm sentralt for å bryte opp området. Spreidd vegetasjon av ulike typar kan tenkast å bli oppretta innanfor dei framtidige gravlundene og dei to områda satt av til grønnstruktur. Konsekvensar for naturmangfold, landskap, friluftsliv og andre ulike interesser er tatt omsyn til.

## 5.2. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar

Utvodingsområdet består av noverande jordbruksmark. Omgjeringa av dette er ein negativ konsekvens for samfunnet og spesielt for grunneigar. Det er ingen områder i nærleiken av Helgheim kyrkje som kan verte omgjort til gravplass som ikkje er jordbruksmark. På nordsida av kyrkjegarden ligg E39, utviding i denne retninga vil ikkje vere aktuelt med tanke på kryssing av hovudvegen. I vestleg og sørleg retning er kyrkjegarden utnytta maksimalt då den grensar til Jølstravatnet. Einaste moglegheit for utviding er derfor i austleg retning, og det nærmaste arealet med jordbruksmark er det beste alternativet for utviding. Utviding av gravplass vil vegast sterkare enn jordvernet. Helgheim kyrkje er ei listeført kyrkje, og oppretting av gravplass som ikkje er direkte tilknytta kyrkja vil ikkje vere eit alternativ.

Kyrkjegarden er godt utnytta og moglegheita for fortetting er ikkje stor. Det er planlagt ei utviding med 800-850 gravplassar. Når ein reknar ut kor mange plassar ein kan få plass til innanfor areala sett av til grav- og urnelund, er det plass til 1035 gravplassar. I praksis vil ein ikkje få plass til dette antallet, då ein må tenke over utforminga og plasseringa av gravene, men 850 gravplassar er fullt mogleg.

Ei kistegrav vil bruke eit areal på  $6.57 \text{ m}^2$ . Kvar grav skal vere 3 meter lang, og 1.5 meter brei. Mellom kvar grav skal det vere 30 cm til sida, og 65 cm under til neste grav. Breidda vil då vere 1.8 meter, og lengda vil vere 3.65 meter.  $3.65 \times 1.8 = 6.57$

Arealet til gravlundene er på  $6800\text{m}^2$ .  $6800 : 6.57 = 1035.00$

## 5.3. Miljøfaglege vurderingar

### Naturverdiar:

Det er ikkje registrert noko naturverdiar i planområdet.

### Naturmangfoldlova:

Alle inngrep vil verte utført i område som er jordbruksmark, det er ikkje registrert nokre områder som har verdiar som vert beskytta av naturmangfoldlova.

### Friluftsliv:

Planen vil ikkje ha noko verknader på friluftslivet i området. Arealet som skal omgjerast til gravplass er jordbruksmark og vert ikkje brukt til friluftsliv. Det er sett av eit grøntbelte til ålmenn ferdsel langs vasskanten.

## 5.4. Kulturlandskap og kulturminner

### Kulturlandskap:

Jordbruksmark skal omdisponerast til gravplass og parkeringsplassar, og på denne måten vil kulturlandskapet i området verte endra. Gravplassane skal haldast grøne, og vil bli delt opp av ein grussti. Området vil verte avgrensa av ein kyrkjegardsmur og eit tregjerde. Parkeringsplassen skal opparbeidast på noverande jordbruksmark. Heilskapen i utvidinga vil føre til at kulturlandskapet ikkje vil verte særlig påverka.

### Kulturminner:

Innanfor planområdet er kyrkja listeført og Helgheim middelalderske kyrkjegard automatisk freda. (Kulturminnesøk, 2015) Den automatiske fredninga vil verte sikra gjennom omsynssone. Kyrkja har ei byggeforbodssone på 60 meter. Det er ingen freda kulturminner innanfor området utanom Helgheim middelalderske kyrkjegard. Ved funn av kulturminner under opparbeiding av tiltaket, vil arbeidet stoppe umiddelbart.

## 5.5. Samfunnssikkerhet og beredskap

### Naturfarer:

Undersøkingar av naturfarar for snø- og steinskred/sprang og jordskred har ikkje blitt utført av fagpersonar. Eg har prøvd å løyse dette på best mogleg vis, ved å bruke skrednett og eit kart som er utarbeida etter tidlegare undersøkingar, då geologiske undersøkingar i området ikkje har blitt utført i seinare tid. Kommunen har no bestilt ei tillegsvurdering av E39 Skei – Bjørset sin geologiske rapport for Helgheim. Om resultatet av denne vurderinga ikkje er i samsvar med noverande naturfarer, må kartet og omsynssonene endrast.

I følgje tidlegare kart og undersøkingar ligg heile området utanfor fare for snø- og steinskred. Skrednett sine sider viser at området ligg i utløpssone for snøskred, men denne reguleringsplanen følgjer dei tidlegare undersøkingane då dei er meir nøyaktige. (NVE Atlas, 2015)

I den noverande kyrkjegarden er større delar innanfor faresone for jord- og flaumskred i følgje skrednett sine sider. I utvidingsområdet er eit lite område nordvest i området merka av som innanfor faresone for jord- og flaumskred. Dette er merka som omsynssonar i plankartet. (NVE Atlas, 2015)

I kommuneplanen sin arealdel står det at 200 årsflaum vil ligge på kote 208.9 og 1000 årsflaum på kote 209.1.(Jølster kommune, 2014) 200 årsflaum er merka av som omsynssone på plankartet, og er kobla til kote 209 med tillatelse frå Jølster kommune. Flaumsona vil legge seg over parkeringsplassen og litt innover areal sett av til gravplass.

Det har vore tidlegare hendingar med mindre flodbølgjer etter steinsprang frå Orkja på andre sida av Jølstravatnet. (NVE Atlas, 2015) Då planen ikkje legg til rette for oppbygging av bygg eller busetnad på noko vis, vil denne faren ikkje bli vektlagt.

## **5.6. Barn og unge, funksjonshemma og eldre sine interesser**

### **Tilgjengeleghet:**

Planområdet er relativt flatt og det vil ikkje forekomme nokre problem med helling på vegar eller gangvegar. Tilgongen frå kyrkja til dei nye gravplassane er god, og det vil ikkje oppstå nokre problem ved prosesjon. Tilgongen frå parkeringsplass til kyrkja vil ikkje endrast då parkeringsplassen vert utvida. Frå parkeringsplass til nye gravfelt vil det verte opparbeidd ein port til gangvegen som er vist i plankartet. Gangvegen skal vere 3 meter brei, og det skal ikkje oppstå nokon hindringar i overgangen frå parkeringsplass og tilkomstveg til den framtidige gangvegen.

Det skal reserverast parkeringsplassar for personar med funksjonshemmingar i lett tilgong til kyrkja, og i lett tilgong til dei framtidige gravfelta.

## **5.7. Veg- og vegtekniske forhold / trafikksikkerheit**

### **Trafikkforhold:**

Tiltaket med utvida parkeringsplass sør for gravplassen vil føre til større trafikk på tilkomstvegen ved større kyrkjelege hendingar.

### **Trafikksikkerheit:**

Ved opparbeiding av større parkeringsplass sør for kyrkjegarden, vil det ikkje lenger verte parkert bilar på nordsida av E39. Dette vil føre til større trafikksikkerheit når det ikkje er naudsynt å krysse E39 for å komme seg til kyrkja.

# Reguleringsføresegner for Helgheim kyrkjegard

Plannamn og –id.	Områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard. 1431 2014 002	
Dato	30.05.15	
Rev. dato		
Vedtak i kommunestyret	Sak	
Siste revisjon	Sak	

## § 1 Avgrensing

Planområdet si avgrensning er vist på plankartet i områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard i målestokk 1:1000. Føresegnehene gjeld innanfor desse grensene.

## § 2 Formål og omsynssoner

Arealformål som inngår i planen, etter plan og bygningslova § 12-5:

Bygningar og anlegg, jf. pbl § 12-5 nr. 1

- Kyrkje
- Grav- og urnelund
- Lager
- Naust

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, jf. pbl § 12-5 nr. 2

- Parkeringsplassar
- Køyreveg
- Gangveg

Grønnstruktur, jf. pbl § 12-5 nr. 3

- Grønnstruktur
- Vegetasjonsskjerm

Omsynssoner som inngår i planen, etter plan og bygningslova § 12-6:

- Bandlegging etter lov om kulturminner
- Faresoner

## **§ 3 Fellesføresegner**

### **§ 3.1 Dokumentasjonskrav**

Før tiltak innanfor områda regulert til grav og urnelund, gangveg og parkeringsplass vert sett i gong skal det føreligge:

Kyrkjegardsplan, jf § 3 i forskrift til gravferdslova.

Ved anlegg og utviding skal kyrkjegardsplan for gravplassen innehalde følgjande delar:

- Oversiktsdel som viser beliggenhet, grenseliner, trafikkforhold, plassering av containarar og plassering av nye og gamle gravfelt, i målestokk 1:500.
- Teknisk del som viser gravfelt med eventuelle særskilde bestemmingar for gravminner, vegar og driftsareal, bygningar, beplanting, inngjerding, planering, drenering og andre leidningar i bakken, detaljar av gjerde, vannpost m.v. og gravkart.

Gravplan – inndeling av kyrkjegard, jf § 4 i forskrift til gravferdslova.

Ved anlegg og utviding av kyrkjegarden skal det førekommme ein gravplan.

Gravplanen skal innehalde følgjande:

- Kvart gravfelt skal delast inn i graver, vanlegvis ordna i rader og kolonner. Ved utviding av gravplass skal gravplassen, kvart gravfelt og kvar grav ha eigen ID i henhold til standard fastsett av Statens kartverk (SOSI). Gravene bør vere stadfesta ved hjelp av koordinatar og skal vere forankra i marka med gravfeltfastmerker, som regel minst fire for kvart gravfelt. Graver skal kunne påvisast eintydig, enten direkte ved hjelp av koordinater eller ved utmål frå gravfeltfastmerka.  
Det skal føreligge gravkart for kvart enkelt felt på gravplassen, som viser fastmerka, i målestokk 1:100.

Geoteknisk vurdering.

- Geoteknisk vurdering med undersøking av jordbotnen som utgreiar for jorddjupne, kornfordeling og grunnvassnivå skal utførast før tiltak i området sett av til gravlunder vert sett i gong.
- Det skal føreligge ein enkel geoteknisk vurdering av grunnforhold og stabilitet i området for parkeringsplass, P1, før tiltak vert sett i gong.

### **§ 3.2 Rekkefølgjekrav**

- a) Parkeringsplass og gangveg skal opparbeidast før G5 – G7 vert tatt i bruk.
- b) Ulike tiltak som kjem fram i kyrkjegardsplan, gravplan og geotekniske vurderingar skal gjennomførast før området tiltaket berører vert nytta.

### **§ 3.3 Automatisk freda kulturminner**

Om det vert oppdaga automatisk freda kulturminner under tiltak ved grunnen, i tillegg til dei som allereie er registrert, må arbeidet umiddelbart stoppe. Kulturvernmyndighetene i Sogn og Fjordane fylkeskommune må varslast i samsvar med § 8 i kulturminneloven.

## **§ 4 Bygningar og anlegg**

### **§ 4.1 Kyrkje. K1**

- a) Helgheim kyrkje er ei listeført kyrkje. Ifølge kyrkjelova § 21 femte ledd er all bygning nærmare enn 60 meter forbudt, utan tillatelse frå biskopen. Ulike saker som angår Helgheim kyrkje skal til rådgjeving hjå riksantikvaren før det fattast vedtak av kyrkjeleg myndighet etter kyrkjelova.

### **§ 4.2 Grav og urnelund. G1 – G7**

- a) I områda G1 – G7 er vanleg kyrkeaktivitet tillatt. Kyrkjegarden skal ha eit heilsleg uttrykk, då noverande kyrkjegardsmur skal verte ståande, og ny kyrkjegardsmur skal byggast i lik stil og med same bergart for å ramme inn kyrkjegarden. Ved tilkomstvegen skal det oppretta eit tregjerde på austsida av vegen med same stil og farge som gjerdet på vestsida.
- b) G1 – G4  
G1 – G4 er noverande grav- og urnelund. Her skal dagens inndeling av gravfelt oppretthaldast. Oppføring av nybygg tillatast ikkje, og kyrkjegardsmuren skal bevarast/oppretthaldast.
- c) G5 – G7  
Dette området er noverande jordbruksmark, og skal omgjerast til grav- og urnelunder. Opparbeidinga av G5 – G7 skal samsvare med godkjent kyrkjegardsplan og gravplan. Oppføring av nybygg tillatast ikkje. Det skal oppførast kyrkjegardsmur i utkanten av kyrkjegarden i samsvar med tidlegare oppførte kyrkjegardsmurar. Ved tilkomstvegen skal det oppførast eit tregjerde i same stil og farge som det tidlegare oppførte tregjerdet.

### **§ 4.3 Lager og naust. N1, N2, L1.**

- a) Innanfor planområdet ligg det to naust og eit lager. Desse bygga skal ikkje verte påverka eller endrast. Tilgangen til N2 vil verte endra då parkeringsplassar vil verte utarbeida i området rundt.

## **§ 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.**

### **§ 5.1 Parkeringsplassar. P1**

- a) Sør i planområdet vil den noverande parkeringsplassen utvidast i austleg retning. Utvidinga skal ikkje strekke seg heilt ned til vatnet då ein skal ha eit grøntbelte langs vasskanten. Parkeringsplassen skal romme rundt 120 plassar. Plassering av handikap-parkeringsplassar i tilknyting til eksisterande og framtidige gravlunder skal opprettast.

### **§ 5.2 Køyreveg. T1**

- a) Dagens tilkomstveg til parkeringsplassen og kyrkja vil verte uendra.

### **§ 5.3 Gangveg. Gv1 – Gv2**

- a) Noverande gågater mellom P1, K1 og G1 – G4 skal ikkje endrast.
- b) Gågater som skal opparbeidast mellom P1, tilkomstvegen og G5 – G7 skal vere 3 meter breie, og bestå av same materialet som noverande gågater.
- c) Overgangen frå P1 og T1 til Gv2 skal vere trinnfri.
- d) Port mellom P1 og Gv2 skal vere i lik stil som port mellom P1 og Gv1.

## **§ 6 Grønnstruktur.**

### **§ 6.1 Grønnstruktur. Gr1 – Gr2**

- a) Gr1  
Ved vasskanten i planområdet skal det leggast av eit område til grønnstruktur i varierande breidde.
- b) Gr2  
Nord i området ved innkøyrsele til T1, skal ein busshaldeplass omregulerast til grønnstruktur.

## **§ 7 Omsynssoner**

### **§ 7.1 Bandlegging etter lov om kulturminner. H730**

- a) Helgheim middelalderske kyrkjegard er automatisk freda, og vil verte bandlagt etter lov om kulturminner under sone H730. Det er ikkje tillatt å utføre noko inngrep, utanom vanleg kyrkjeaktivitet, som kan bidra til å skade, øydelegge, flytte, grave ut, forandre, skjule, eller på noko måte skjemme den middelalderske kyrkjegarden direkte eller i framtida.

### **§ 7.2 Faresoner. H310, H310\_2, H320.**

- a) Faresone for ras- og skredfare, H310 og H310\_2. Det skal ikkje etablerast ny utbygging innanfor desse omsynssonene.
- b) Faresone for flaum, H320. Det skal ikkje etablerast bebyggelse innanfor H320. Anlegg som vert etablert skal tåle å verte sett under vatn.

# ROS-analyse Helgheim kyrkjegard

Plannamn og -id.:	Områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard. 1431 2014 002
Utført av:	Ole Martin Bolset
Dato:	30.05.2015
Underskrift:	

## 1. Bakgrunn

Denne ROS-analysa skal ivareta kravet som står skildra i plan- og bygningsloven § 4-3. Det står at myndighetene skal sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført for planområdet ved utarbeiding av planar for utbygging. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er egna for området, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. (Plan- og bygningslova, 2008)

For nærmere informasjon om planområdet og arealbruken, sjå planomtale.

## 2. Metode

Sjekklista i denne analysa er hovudsakleg henta frå «Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar» utarbeida av Sogn og Fjordane fylkeskommune.(S&F fylkeskommune, 2011) Inspirasjon til utforming av analysa og relevante punkt er henta frå ein tidlegare ROS-analyse av Asplan Viak.(Krugerud, 2012) Sjekklista har fleire mogleg uønska hendingar som kan påverke planområdet sin funksjon og utforming og som kan direkte påverke omgjevnadane. Forhold som er med i sjekklista, men ikkje vil påverke planområdet eller planen, er merka som ikkje aktuelt og vil ikkje alltid vere kommentert.

Vurdering av sannsyn for uønska hendingar er delt i 4 ulike kategoriar:

- Svært sannsynleg (4): Kan skje regelmessig; forholdet er kontinuerleg tilstade; ei hending har stort omfang.
- Sannsynleg (3): Kan skje av og til; periodisk hending (årleg); ei hending har middels stort omfang.
- Mindre sannsynleg (2): Kan skje (ikkje usannsynleg; ca kvart 10. år); ei hending har lite omfang.
- Lite sannsynleg (1): Det er ein teoretisk sjanse for hendinga; skjer sjeldnare enn kvart 100. år; ei hending har marginalt omfang.

**Tabell 1: Kriteria for vurdering av konsekvens.**

	<b>Personskade</b>	<b>Miljøskade</b>	<b>Skade på eigedom, forsyning, mm.</b>
1. Ubetydeleg	Ingen alvorleg skade	Ingen alvorleg skade	Systembrot er uvesentlig
2. Mindre alvorleg	Få/små skadar	Ikkje varig skade	Systembrot kan føre til skade dersom reservesystem ikkje eksisterar.
3. Alvorleg	Behandlingskrevjande skadar	Midlertidig/ behandlingskrevjande skadar	System settast ut av drift i lengre tid; alvorleg skade på eigedom.
4. Svært alvorleg	Personskade som medføre død/varige mèn; mange skadd	Langvarig miljøskade	System settast varig ut av drift; uopprettelag skade på eigedom

**Tabell 2: Risikomatrise.**

Konsekvens: Sannsyn:	1.Ubetydeleg	2.Mindre alvorleg	3.Alvorleg	4.Svært alvorleg
4.Svært sannsynleg				
3.Sannsynleg				
2.Mindre sannsynleg				
1.Lite sannsynleg				

- Hendingar i raude felt: Umiddelbare tiltak naudsynt.
- Hendingar i oransje felt: Tiltak naudsynt.
- Hendingar i gule felt: Overvakast; tiltak vurderast ut frå kostnad fht nytte.
- Hendingar i grøne felt: Rimelege tiltak gjennomførast.
- Tiltak som reduserer sannsyn vurderast først. Om dette ikkje gjev effekt eller er mogleg, vurderast tiltak som begrensar konsekvensane.

### 3. Uønska hendingar, risiko og tiltak.

#### 3.1. ROS-Analyse sjekkliste.

Tabell 3: Sjekkliste ROS-Analyse.

Uønska hending	Aktuelt?	Sannsyn	Konsekvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
<b>Natur- og miljøforhold</b>					
<u>Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko eller auka påkjenningar for:</u>					
1. Snø- eller steinskred/-sprang?	Ja	2?	2?		Tidlegare skredundersøkingar viser at området ikkje er innanfor snø- og steinskredfare. Tillegsvurdering av E39 sin geologiske rapport er bestilt.
2. Jordskred?	Ja	3?	2?		Tidlegare undersøkingar for jordskred er ikkje utført. Skrednett viser utløpssone for jordskred innanfor planområdet. Tillegsvurdering av E39 sin geologiske rapport er bestilt.
3. Flodbølgjer som følge av skred?	Ja	2	1		Har vore hendingar før med steinblokker frå Orkja. Ingen busetnad i området
4. Kvikkleire eller anna ustabilitet?	Nei				Området består av elveavsetning.
5. Flaum?	Ja	1	2		Ved 200- og 1000-års flaum vil Jølstravatnet kunne stige inn i planområdet.
6. Overvatn?	Ja	2	2		Mtp klimaendringar og auka nedbørsmengd må overvatn handterast.
7. Radon?	Nei				

8. Skog-/lyngbrann?	Nei				
9. Stormflo?	Nei				
10. Vind?	Ja	2	2		Ekstremvind kan velte gravsteiner og tre i området.
11. Sårbar flora?	Nei				Artsdatabanken viser ingen sjeldne funn i området. (Artsdatabanken, 2015)
12. Verneområde?	Nei				
13. Vassdragsområde?	Ja	1	2		Området grensar til Jølstravatnet, og eit grøntbelte langs vasskanten vert anbefalt.
14. Kulturminne/-miljø?	Ja	1	2		Helgheim middelalderske kyrkjegard er det einaste kulturminnet i området som er freda, og vil ikkje verte påverka.
15. Viktige landbruksområder?	Ja	4	2		Området som er sett av til utviding av kyrkjegard og parkeringsplass er dyrkbar jord. Dette området vil verte omdisponert og vil føre til tap av jordbruksareal.
16. Klimaendringar	Ja	2	1		Auke i nedbør, vindhastigkeit og temperatur.
<b>Verksemndrisiko</b>					
<u>Er det i området:</u>					
17. Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei				
18. Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei				
<u>Medfører planen/tiltaket:</u>					
19. Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei				

20. Lagring av farlege stoff (væsker,gassar, eksplosiv mv)?	Nei				
21. Auka risiko eller andre påkjennningar for sårbare bygg, infrastruktur, aktivitetar?	Nei				
<b>Forureining</b>					
<u>Er det i området:</u>					
22. Fare for akutt forureining?	Nei				
23. Permanent forureining?	Nei				
24. Støy og støv (industri, trafikk mv)?	Ja	3	1		E39 grensar til området og vil påføre støy og sirkulering av støv.
25. Forureina grunn?	Nei				
26. Høgspentlinjer?	Nei				
27. Anlegg for avfallsbehandling?	Nei				
<u>Medfører planen/tiltaket:</u>					
28. Fare for akutt forureining?	Nei				
29. Fare for permanent forureining?	Nei				
30. Støy og støv?	Nei				
31. Høgspentlinjer?	Nei				
32. Anlegg for avfallsbehandling?	Nei				
<b>Beredskap</b>					
<u>Er det i området:</u>					
33. God tilkomst for utrykkingskøyretøy?	Ja				Tiltak ikkje naudsynt
34. Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Ja				Tiltak ikkje naudsynt
<u>Medfører planen/tiltaket:</u>					
35. Behov for nye/auka beredskapstiltak (brann, helse, mv)?	Nei?				
<b>Infrastruktur</b>					
<u>Er området utsett for, eller kan planen medføre auka risiko for:</u>					
36. Trafikkulykker?	Nei				
37. Manglande	Nei				

kapasitet i kraftforsyninga?					
38. Manglande kapasitet i tele-/dataforsyninga?	Nei				
39. Manglande kapasitet i VA-system?	Nei				
<b>Andre forhold</b>					
40. Fare for sabotasje/terror?	Nei				
41. Fare for annan kriminalitet?	Nei				
42. Vatn med fare for usikker is?	Nei				
43. Terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup, skrentar mv)?	Nei				
44. Gruver, opne sjakter, steintippar mv?	Nei				

Tabell 4: Endelag risiko og sårbarhets matrise.

Konsekvens: Sannsyn:	1.Ubetydeleg	2.Mindre alvorleg	3.Alvorleg	4.Svært alvorleg
4.Svært sannsynleg		15.		
3.Sannsynleg	24.	1.		
2.Mindre sannsynleg	3, 16.	2, 6, 10.		
1.Lite sannsynleg		5, 13, 14.		

### **3.2. Natur- og miljøforhold.**

#### Hending 1: Snø- eller steinskred/-sprang.

Ifølge skrednett er heile området innanfor utløpsområdet til snøskred.(NVE Atlas, 2015) Tidlegare undersøkingar som er gjort av geologar viser at området er utanfor faresone for Stein og snøskred. Då dei tidlegare undersøkingane er nøyaktigare enn skrednett sine faresoner, vert desse veklagt. Kommunen har bestillt ei tillegsvurdering av E39 sin geologiske rapport, når denne er klar er uvisst.

#### Hending 2: Jordskred.

Det er ikkje utført tidlegare undersøkingar av jordskred på Helgheim. Skrednett viser at større delar av den eksisterande kyrkjegarden og ein liten del av utvidingsområdet, ligg i aktsomhetssone for jordskred.(NVE Atlas, 2015) Ei tillegsvurdering av E39 sin geologiske rapport er bestillt av kommunen.

#### Hending 3: Flodbølgjer som følgje av skred.

Skrednett viser til tidlegare hendingar av steinsprang frå Orkja som er på sørsida av Jølstravatnet. Det har hendt at steinspranga når ned til Jølstravatnet og kan skape bølgjer. Grunna ingen busetnad vil dette ikkje vere eit stort problem.

#### Hending 5: Flaum/flaumskred.

Estimert vasstand ved 200-årsflaum er kote 208,9. Ved 1000-årsflaum er estimert kote 209,1. Dette vil føre til at vasstanden vil kunne trengje inn på kyrkjegarden.

#### Hending 6: Overvatn.

Med tanke på klimaendringar og moglegheita for auka nedbør, må overvatn handterast på ein praktisk, framtidsretta og god måte.

#### Hending 10: Vind.

Kyrkjegarden ligg ved Jølstravatnet og er relativt vindutsett. Ved ekstremvær kan eksisterande tre i området blåse overende. Dette kan påføre kyrkja, som er listeført, og Helgheim middelalderske kyrkjegard, som er automatisk freda, skade.

#### Hending 13: Vassdragsområde.

Kyrkjegarden grensar til Jølstravatnet i sør. Det er anbefalt å legge til rette for eit grøntbelte mellom vasskanten og kyrkjegarden.

#### Hending 14: Kulturminne/-miljø.

Helgheim middelalderske kyrkjegard er det einaste freda kulturminnet innanfor området, og vil ikkje bli berørt av planen. Det har tidlegare vore fleire freda kulturminner rundt området, men desse er no fjerna etter arkeologiske utgravingar.

#### Hending 15: Viktige landbruksområder.

Som følgje av planen vil eit stykke jordbruksmark verte omdisponert til areal for grav- og parkeringsplassar. Dette vert ei permanent endring, men vil ikkje gje store konsekvensar for kulturlandskapet sitt heilslege bilete. Etter ei avveging av behov vil som oftast kyrkjegardar bli prioritert over landbruk.

#### Hending 16: Klimaendringar.

Det vert forventa at klimaendringane vil føre til auka nedbør på vestlandet, og ein liten auke i gjennomsnittleg vindhastighet. Temperaturen vil gjerne auke litt.

### **3.3. Forureining.**

#### Hending 24: Støy og støv.

På nordsida av kyrkjegarden ligg E39, trafikken her vil skape støy og sirkulering av støv i området. Det er ikkje gjort store tiltak for støydemping, noko som ikkje er naudsynt. Kyrkjegardsmuren vil forhindre litt av dekkstøyen.

Hendingar innanfor natur- og miljøforhold som snø- eller steinskred/-sprang og jordskred er hendingar der vurdering av sannsyn og konsekvens ikkje er gjort av fagpersonar. Klassifisering av sannsyn og konsekvens er gjort med spørjemålsteikn, då eg ikkje er kvalifisert til å sette desse. Sannsynet og konsekvens er klassifisert etter det eg meinar kan vere riktig innanfor gul farge. Det er valgt å merke desse naturfarane med gul farge då dette er den mest objektive fargen. Ei tillegsvurdering av E39 Skei – Bjørset sin geologiske rapport er bestillt av kommunen. Denne rapporten vart ikkje utført i tide for denne oppgåva.

Kjelder brukt til registrering:

(NVE Atlas, 2015)

(Artsdatabanken, 2015)



### **3. Drøfting:**

Områdereguleringsplanen for Helgheim kyrkjegard er resultatet av denne oppgåva, og eg vil i dette kapittelet gå gjennom dei vala eg har tatt, og kvifor eg tok nettopp desse. Vala som vart tatt har basert seg på innhenta informasjon og kunnskap som eg har beskreve i kapittela om vektlagde- og andre tema. Terrenget i området og ulike tema sett opp imot kvarandre influerte òg vala som vart tatt.

#### **3.1 Utforming:**

Det første og kanskje det største valet eg måtte ta var valet om korleis utvidinga av kyrkjegarden skulle utformast. At området måtte utvidast i austleg retning var det klart beste alternativet, og det la eg tidleg merke til. Men korleis kyrkjegarden skulle få ei heilsleg utforming og utnytte jordbruksmarka som må omdisponerast på best mogleg vis var eit val som tok tid, og grundig vurdering. Dette valet hadde innverknad på alle temaa eg ville vektlegge i denne oppgåva. Eg måtte òg tenke over flaumfaren som kan utsette den sørlege delen av området. Grunnvatn var og ein faktor som måtte takast med i vurderinga.

Eg valde å plassere dei framtidige gravlundene øvst i området, og i nær tilknyting til dei eksisterande gravlundene. Denne utforminga var det alternativet eg meinat vil bidra med den største heilslege kjensla hjå brukarane av kyrkjegarden. Eg tykkjer denne utforminga ser ut som ei naturleg utviding av kyrkjegarden, og det var den beste utforminga estetisk sett. Å plassere gravlundene lengst mogleg frå Jølstravatnet kan òg vere positivt i høve til djupna på grunnvannsspeilet. Plasseringa av parkeringsplassen sør i området vart gjort med tanke på flaumfaren. Ein parkeringsplass vil takele å verte overflauma på ein betre måte enn ei gravlund. Parkeringsplassen vil vere tilgjengeleg via den eksisterande tilkomstvegen, som igjen vil vere arealutnyttande. All parkering vil verte samla på ein stad sidan parkeringsplassen er ei utviding av den noverande parkeringsplassen.

#### **3.2 Estetikk:**

Då eg var på mi første synfaring ved Helgheim kyrkjegard la eg merke til ulike detaljar, som kjenneteiknar kyrkjegardar. Desse detaljane gjev eit uttrykk, og syner i mine auger Helgheim kyrkjegard sine beste sider estetisk sett.

Eg ville at utvidinga skulle stå i stil med den eksisterande kyrkjegarden. Måten eg ville prøve å løyse dette på var ved å utforme dei framtidige gravlundene på ein slik måte at besøkande som aldri har sett Helgheim kyrkjegard før, ikkje skulle legge merke til at utvidinga var gjort i nyare tid ved første augekast. Utvidinga skulle sjå naturleg ut, og plasseringa av gravlundene hadde i mine auge allereie gjort ein stor del av dette. Det som gjenstod var detaljane som eg la merke til ved den første synfaringa.

Desse detaljane som kjenneteiknar ulike kyrkjegardar er måten gravlundene vert delt opp på. Ved Helgheim kyrkjegard grensar alle gravlundene til steinmurar og ein grusbelagt gangveg. Ved tilkomstvegen grensar eine gravlunda til eit tregjerde. Desse to detaljane saman med portane som stenger av kyrkjegarden er sentrale detaljar som gjev Helgheim kyrkjegard preg som ein kyrkjegard. Desse detaljane ville eg vidareføre. Murane og tregjerdet vert ikkje merka av på plankartet, det vert heller ikkje materialet gangvegen består av. For å sikre at dei framtidige gravlundene skal få eit naturleg preg som står i stil med dei eksisterande gravlundene, stilte eg krav om dette i reguleringsføresegnene. Eg sette krav om at det skal opprettast steinmurar i same stil og av same

bergart som neverande steinmurar i nordleg, austleg og sørleg retning av utvidinga. På den vestlege sida av utvidinga skal det opprettast eit tregjerde i lik stil som neverande tregjerde. Det vart òg sett krav om at gangvegane skal bestå av same materialet som neverande gangvegar, og at port mellom parkeringsplass og gangveg skal vere i lik stil som den neverande porten som grensar til parkeringsplassen.

Andre detaljar som kan sette eit sær preg på ein kyrkjegard er beplanting av tre og annan vegetasjon. Innanfor gravlundene kan det tenkast å plante nokre tre og busker for å få fram høgdeskilnadar og sette inn nokre element som vil fange blikket. Det er ikkje sett noko krav om dette i reguleringsføresegnene. I plankartet er det òg sett av eit to meter breidt areal til vegetasjonsskjerm innanfor parkeringsplassen. Dette er teikna inn for at vegetasjonen skal bryte opp den store parkeringsplassen. Benkar som dei besökande kan bruke når dei er på kyrkjegarden er naudsynt, saman med oppretting av vegetasjon innanfor gravlundene vil dette verte bestemt og synt i ein framtidig kyrkjegardsplan. Plassering av benkar og oppretting av vegetasjon ved utstikkaren sør-aust i området, ved Jølstravatnet, er nemnt i planomtalen. Dette vil vere eit positivt tiltak, då dei besökande kan nyte utsikta, og ha moglegheit til å setje seg ned og samle tankar utanfor kyrkjegarden.

### **3.3 Universell utforming:**

Denne reguleringsplanen går ikkje nøye inn på detaljar som vil føre til ei god universell utforming. For å sikre ei god universell utforming gjorde eg gode overordna val, som igjen vil gje området eit godt utgangspunkt for å kunne verte utforma universelt.

Under dokumentasjonskrav i reguleringsføresegnene er det sett krav om at ein kyrkjegardsplan og ein gravplan skal føreligge før tiltak i området kan settast i gong. Hensikta med gravplanen er å dele kvart gravfelt inn i graver, og deretter merke kvar grav og gravfelt med sin eigen ID. Utarbeidinga av denne planen treng ikkje å ha veldig stort fokus på universell utforming, men det vil vere positivt å legge gravene logisk i forhold til området i rader og kolonner som vil vere tydelige og ikkje føre til forvirring. Den planen som skal sikre ei god universell utforming innanfor utvidinga og vil ha fokus på detaljar, er kyrkjegardsplanen. Denne planen skal vise plasseringa, grenseliner, trafikkforhold, plasseringa av containarar og nye og gamle gravfelt. Den skal også innehalde ein teknisk del som vil vise om det er nokre særskilde bestemmelser for ulike detaljar innanfor området. Tema som den tekniske delen skal nemne og som er relevante for universell utforming er beplanting, inngjerding, planering, drenering, detaljar av gjerde, vatnpost og vegar. Denne planen burde ha eit mykje større fokus på universell utforming enn gravplanen.

Dei overordna vala eg gjorde for å sikre at kyrkjegardsplanen hadde eit god utgangspunkt for å vidareføre min tankegang om universell utforming var få. For det første er området sitt terreng allereie rimelig flatt, og stigningsgraden for gangvegar ville ikkje verte eit problem. Utforminga av området, som var det første valet eg gjorde, er logisk og vil føre til minimal forvirring. Eg ville og at plasseringa av gangvegane som skil gravlundene skulle vere oversiktleg og logisk. Eg delte opp gravlundene slik at dei ikkje skulle variere alt for mykje i storleik, og at alle gravene skulle vere rimeleg godt tilgjengelege frå gangvegen. Den løysinga eg valde for gangvegane meinar eg er oversiktleg og enkel å forstå, ein må heller ikkje gå lange avstandar på gras for å nå alle områdene innanfor gravlundene. Eg kunne lagt inn fleire gangvegar i utkanten av gravlundene, men eg måtte

her sette temaa universell utforming og arealutnytting opp mot kvarandre. Eg valde å spare areal ved å ha moglegheita til gravlegging i utkantane.

Breidda på gangvegane og materialet gangvegane skulle bestå av var val eg måtte ta. Breidda på gangvegane valde eg å sette til 3 meter. Med denne breidda vil handtering av rullestolar og barnevogner ikkje vere noko problem. Med ei bredd på 3 meter vil prosesjon verte problemfritt. Eg kunne kanskje ha valt å ha gangvegane litt smalare enn 3 meter for å spare areal, men det er viktig med god tilgang for traktor og gravemaskiner som kyrkjegardsarbeidarane brukar for å grave opp gravene. Dette var ein stor grunn for valet av breidda på gangvegen.

Det å bruke grus som material på gangvegane er ikkje optimalt for rullestolbrukarar. Her vart temaet estetikk satt opp mot universell utforming. Det beste alternativet for rullestolbrukarar vil vere å ha eit underlag som er solid og hardt, som asfalt eller steinheller. For synshemma menneske kan grus vere positivt då dei tydeleg vil kjenne og høyre at dei går på gangvegen. Den noverande gangvegen er av materialet grus, men materialet er ikkje særleg laust. Rullestolbrukarar vil kunne komme seg fram på gangvegane rimeleg greitt sjølv om det ikkje er optimalt, og dette vart den beste løysinga med tanke på mine vektlagde tema. Overgongane frå parkeringsplass og tilkomstveg til gangvegen vert og heldt trinnfrie for å sikre god tilgang spesielt for rullestolbrukarar, men òg andre røyrsle- og orienteringshemma.

### **3.4 Arealutnytting:**

Utvindinga vil foregå i austleg retning, som vil føre til omdisponering av jordbruksmark. Målet ved å vektlegge arealutnytting var å hindre unødig omdisponering av jordbruksmark. For å oppnå dette målet var valet av utforming, som er tidlegare nemnt, sentralt. Mengda av vegar og gangvegar var og eit val som vart gjort der arealutnytting var i fokus. Eg ville plassere parkeringsplassen i tilknyting til den eksisterande tilkomstvegen, og eg ville ha ei utforming av den framtidige gangvegen som sparte areal.

Sluttproduktet endte opp i tre gravlunder på eit areal på 6.8 daa. Matematisk sett vil det vere plass til 1035 gravplassar på eit areal på 6.8 daa. Med tanke på utforminga av rekkene og kolonnene til gravene, vil ein miste nokre graver. Målet om å utvide gravplassen med 800-850 gravplassar er likevel innanfor rekkevidde. Eksakt antall vil bli bestemt i gravplanen til kyrkjegarden.

### **3.5 Andre tema:**

Før eg byrja å utarbeide planen tok eg meg tid til å få ei god oversikt, og jobba med å registrere ulike tema som var relevante for oppgåva. I dette avsnittet skal eg vise til kva eg fann, og korleis eg løyste dette i planen.

Det temaet eg starta med å registrere var om det var nokre gjeldande planar i området, og om desse ville ha innverknad på min plan. Etter det første møtet med kommunen vart det sagt at min plan ville mest sannsynleg vere i tråd med kommuneplanen sin arealdel, men den var ikkje vedteken på dette tidspunktet. Då kommuneplanen vart vedteken og lagt ut offentleg, sjekka eg denne og fekk konkludert med at min plan var i tråd med denne. Dette førte til at planomtale og konsekvensutgreiing ikkje var naudsynt. Eg visste allereie at reguleringsplan for E39 Skei – Bjørset ville grense til området mitt, og eg fekk tilsendt eit utsnitt av denne planen som eg deretter fekk lagt inn i GISLINE arealplan. Eg kunne no avgrense området mitt utan å overlappe den eksisterande reguleringsplanen for E39 Skei – Bjørset. Eg registrerte ikkje fleire planar som ville påvirke min plan.

Det neste steget i registreringa var å registrere naturfarar i området. Her vart verktøyet skrednett brukt flittig. Skrednett syntet at heile området låg i utløpssone for snøskred, men eg fekk tildelt eit tidlegare skredkart av kommunen som viste at Helgheim kyrkjegard låg trygt for steinskred og snøskred. Dette saman med at kommuneplanen sin arealdel ikkje hadde nokon omsynssoner over kyrkjegarden gjorde til at eg valde å bruke det eldre skredkartet. Eg fekk her konkludert at Helgheim kyrkjegard ikkje låg i faresone for snø-, og steinskred. Det eldre skredkartet hadde derimot ikkje vurdert naturfaren jordskred. Her måtte eg bruke skrednett sine data, som viste at jordskred har ei utløpssone som råkar større delar av den eksisterande kyrkjegarden og eit lite stykke av utvidingsområdet. Dette har eg synt med omsynssone H310 og H310\_2 i plankartet. Nærleiken mellom kyrkjegarden og Jølstravatnet fører til at flaum er ein naturfare som er relevant. Kommuneplanen sin arealdel seier at 200 årsflaum vil nå kote 208.9. Plankartet har ein ekvidistanse på 1 meter, og kommunen meinat at omsynssona for flaum kunne leggast på kote 209. Denne omsynssona er lagt inn med namnet H320 i plankartet.

Å finne eksakt sannsyn for naturfarane hadde eg ikkje moglegheit å få til. Kommunen har bestilt ei tillegsvurdering av E39 sin geologiske rapport for å finne sannsynet for ulike naturfarar, men denne vart ikkje utarbeida i tide for denne oppgåva. Om resultatet av denne tillegsvurderinga ikkje er i samsvar med naturfarane eg har registrert, må omsynssonene og plankartet endrast.

Kulturminner vart registrert på kulturminnesøk(kulturminnesøk, 2015) og askeladden.(riksantikvaren, 2015) Eg registrerte at det var eit kulturminne innanfor området, dette var Helgheim middelalderske kyrkjegard, og er automatisk freda. Dette vart merka av i plankartet med bandleggingsone etter lov om kulturminner, denne omsynssona er merka med namnet H730. Helgheim kyrkje er ei listeført kyrkje, og eg la inn ei byggegrense på 60 meter frå kyrkja, etter forespørsel i Sogn og Fjordane fylkeskommune sin merknad.

Dei ulike krava til ein kyrkjegard løyste eg ved å krevje ein kyrkjegardsplan, gravplan og ei geoteknisk vurdering av området før tiltak vert sett i gong. Dette vart sett krav om i reguleringsføresegne som er juridisk bindande. Kyrkjegardsplan og gravplan er allereie greia ut om. Dei geotekniske vurderingane som skal utarbeidast vil få resultat som viser om områda satt av til gravlunder og parkeringsplass egnar seg til dette. Både med tanke på grunnvatn, jorddjupne, kornfordeling og jordstabilitet.

## **Konklusjon:**

Hovudmålet med denne oppgåva var å utarbeide ein områdereguleringsplan for Helgheim kyrkjegard der antallet parkerings- og gravplassar skulle utvidast. For å kunne svare på problemstillinga måtte temaa estetikk, universell utforming og arealutnytting vektleggast. Måten eg vektla temaa på, var ved å basere alle vala for utvidinga på desse.

Valet ved retninga og formen av utvidinga vart tekne med tanke på alle temaa. Valet er det mest arealutnyttande alternativet, og utvidinga gjev ei god planløysing som vil sjå naturleg ut. Dette er positive faktorar for universell utforming og estetikk. Valet om materialbruk på detaljar innanfor kyrkjegarden, som gangveg, steinmur, tregjerde og portar var eit val som eg tok der estetikken vart vektlagd mest. Det å bruke material som allereie er brukt på den noverande kyrkjegarden vil føre til at heile kyrkjegarden vil gje ei heilsleg kjensle. Valet om ein grusbelaqt gangveg var vanskeleg, temaa universell utforming og estetikk vart sett opp mot kvarandre. Valet landa på grus då gangvegen vil vere rimeleg fast, og rullestolbrukarar vil kunne manøvrere rullestolane sine med tanke på hellinga som ikkje vil vere stor. Ein grusbelaqt gangveg vil òg kunne vere hensiktmessig for orienteringshemma menneske. For å sikre at den framtidige kyrkjegardsplanen skulle ha eit godt utgangspunkt for universell utforming, tok eg nokre overordna val der universell utforming vart vektlagd. Det å ha ei god og oversiktleg utforming på gangvegane innanfor området, som ikkje vil føre til forvirring, og avstanden til kvar grav ikkje er særslang var viktig. Dette gjorde eg ved å dele opp utvidingsområdet ved hjelp av gangvegen, som førte til tre ulike gravlunder som ikkje varierar mykje i storleik.

Denne områdereguleringsplanen med tilhøyrande reguleringsførersegner vil kunne sikre ei opparbeidning av kyrkjegarden som vil sjå estetisk bra ut, vere godt universelt utforma og vil utnytte området på best mogleg vis.

## Litteraturliste:

### Skriftlege kjelder:

Fiskaa, H. (2012). *Fysisk detaljplanlegging*. Trondheim: Institutt for byforming og planlegging, NTNU

Sørmoen, O. (2005). En levende kirkegård. I H. Klingenberg, O. Sørmoen, A. Wefald (Red.), *Kirkegården – Et levende kulturminne* (s. 9-10). Oslo: Arfo.

Wefald, A. (2005). Kirkegården i landskapet. I H. Klingenberg, O. Sørmoen, A. Wefald (Red.). *Kirkegården – Et levende kulturminne* (s. 72-73). Oslo: Arfo.

### Elektroniske kjelder:

Furebotten, Helleve, & Raniseth. (2014). *Forslag til reguleringsplan for E39 Vossebanen, delstrekning Dødehavet*. (Bacheloroppgåve, Høgskolen i Bergen) Henta frå [http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/198757/1/Bach2014\\_final.pdf](http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/198757/1/Bach2014_final.pdf)

Grutle, I. F. (2013). *Utvidelse av Hjelme gravplass med spesiell vekt på universell utforming*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Ås) I. F. Grutle, Ås.

Krugerud, I. (2012). ROS-analyse for reguleringsplan for Greipstad kirkegård. Henta 16.04.2015, frå [http://www.songdalen.kommune.no/Documents/Planer/H%C3%B8ring%20el%20ettersyn/Greipstad%20kirke/123749\\_1\\_P.pdf](http://www.songdalen.kommune.no/Documents/Planer/H%C3%B8ring%20el%20ettersyn/Greipstad%20kirke/123749_1_P.pdf)

Wefald, A. (2012). Planbeskrivelse Greipstad kirkegård. Henta 19.04.2015, frå <http://www.songdalen.kommune.no/Documents/Planer/Vedtatte%20reguleringsplaner/Greipstad%20kirke/Planbeskrivelse.pdf>

Songdalen kommune. (2012). *Reguleringsbestemmelser til detaljregulering for Greipstad kirkegård*. Henta 19.04.2015 frå <http://www.songdalen.kommune.no/Documents/Planer/Vedtatte%20reguleringsplaner/Greipstad%20kirke/Bestemmelser.pdf>

Miljøverndepartementet. (2007) *Universell utforming: Begrepsavklaring*. Henta 20.05.2015, frå [http://www.universell-utforming.miljo.no/file\\_upload/uniutf%20a4%20norsk-eng.pdf](http://www.universell-utforming.miljo.no/file_upload/uniutf%20a4%20norsk-eng.pdf)

NVE Atlas. (2015) *Map layer: Naturfare – NGI snø- og steinskred*. Henta 15.04.2015, frå <http://skredatlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>

NVE Atlas. (2015) *Map layer: Naturfare – Jord- og Flomskred*. Henta 15.04.2015, frå <http://skredatlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>

NVE Atlas. (2015) *Map layer: Naturfare – Flodbølge*. Henta 15.04.2015, frå <http://skredatlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>

NVE Atlas. (2015) *Map layer: Naturfare – losmasserWMS*. Henta 15.04.2015, frå <http://skredatlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>

Artsdatabanken. (2015) *Artskart 1.6*. Henta 17.04.2015, frå <http://www.artsdatabanken.no/>

Jølster kommune. (2014) *Kommuneplanen sin arealdel 2013-2015*. Henta 17.04.2015 frå <https://www.jolster.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=10222&FilId=10749>

Kulturminnesøk. (2015) Henta 15.04.2015, frå <http://www.kulturminnesok.no/>

Riksantikvaren. (2015) Henta 15.04.2015, frå <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden>

Norgeskart. (2015) Henta 06.05.2015, frå <http://www.norgeskart.no/?sok=Helgheim#12/44609/6855150/+hits>

Jølster kommune. (2014) *Kommuneplanen 2013- 2025 plankart 2 av 2*. Henta 07.05.2015, frå <https://www.jolster.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=10222&FilId=10746>

## Forskrifter og lover:

Plan- og bygningsloven (2008). Lov om planlegging og byggesaksbehandling. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=pb>

Gravferdsforskrifta (1997). Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-01-10-16?q=Gravferdsloven>

Forskrift for kirkegårdene mv., Oslo (1994). Forskrift for kirkegårdene og gravlundene, administrasjon og forvaltning, Oslo kommune. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/1994-02-16-399?q=Forskrift+oslo+grav>

Kirkeloven. (1996). Lov om Den norske kyrkje. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-31>

Kulturminneloven. (1978). Lov om kulturminner. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50?q=Kulturminneloven>

## Rapportar og rettleiarar:

Statens vegvesen. (2014) *Veg og gateutforming*. (N100) Henta frå

[http://www.vegvesen.no/\\_attachment/61414/binary/964095?fast\\_title=H%C3%A5ndbok+N100+Veg+og+gateutforming+288+MB29.pdf](http://www.vegvesen.no/_attachment/61414/binary/964095?fast_title=H%C3%A5ndbok+N100+Veg+og+gateutforming+288+MB29.pdf)

Miljøverndepartementet. (2009) *Veiledning til forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister*. Henta 24.04.2015, frå

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/veiledning\\_til\\_forskrift\\_om\\_kart\\_stedfestet\\_informasjon\\_arealformal\\_og\\_digitalt\\_planregister\\_110131.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/veiledning_til_forskrift_om_kart_stedfestet_informasjon_arealformal_og_digitalt_planregister_110131.pdf)

Regjeringen. (2000) *Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*. (T-300) Henta frå <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/t-300-kulturminne-kirke/id278976/>

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2011). *Rettleiar for utarbeidning av reguleringsplanar*. Henta 16.04.2015, frå

[https://fronter.com/hisf/links/files.phtml/348486949\\$72249643\\$Undervisning/Pensum+og+rettleiarar/Rettleiar+for+utarbeidning+av+reg.planar+\\_SFjFk.pdf](https://fronter.com/hisf/links/files.phtml/348486949$72249643$Undervisning/Pensum+og+rettleiarar/Rettleiar+for+utarbeidning+av+reg.planar+_SFjFk.pdf)